

## Saksprotokoll 17.09.2020 - fylkesutvalet

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt pkt. 5

Tildelingskriteria i Rutepakke 2 vektast slik;

40% Økonomi, avklarte statlige tilskudd skal inkluderes i vurderingen  
30% Frekvens og regularitet (50%), kundekvalitet og reserveløsninger (50%).  
30% Miljø og klimautslipp»

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, KrF, V og MDG fram slikt forslag (a):

«Tillegg:

Nytt punkt

Fylkesutvalet viser til vedtak i november 2019 og ber om at rutepakke 2 vert lyst ut i tråd med det vedtaket, altså med med utlysning så raskt som mogleg og innfasing av nullutsleppsteknologi frå 2022 og seinast 2024.»

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, V og MDG fram slikt forslag (b):

«Alternativ:

Punkt 3

Stryk følgende ord i punkt 3. "med opsjon om forlenging med yttarlegare 1+1 år."

### **Avrøysting**

Innstillinga utan følgjande ord i punkt 3 "med opsjon om forlenging med yttarlegare 1+1 år." vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 3 med følgjande ord "med opsjon om forlenging med yttarlegare 1+1 år." vart vedteke mot 3 røyster (SV, MDG, V).

Hammer sitt forslag (a) fekk 4 røyster (SV, MDG, V, KrF) og fall.

Framnes sitt forslag fekk 4 røyster (Frp, FNB) og fall.

Hammer sitt forslag (b) vart ikkje røysta over.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet støtter fylkesrådmannen sin vurdering knytt til behov for dieselgenerator på fartøya og ber om at fylkesrådmannen i sitt vidare arbeid legg til grunn bruk av hybride driftsløysingar.
2. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 2 vert innretta slik at miljøambisjonen knyt seg til heile rutepakka.
3. Fylkesutvalet støtter fylkesrådmannens vurderingar knytt til driftsoppstart for ny kontrakt. Fylkesrådmannen får derfor fullmakt til å kunngjere og inngå kortsiktig kontrakt for drift av sambanda i Rutepakke 2 for perioden 1. mai 2022 til 01.05.2024 med opsjon om forlenging med yttarlegare 1+1 år.
4. Fylkesutvalet tek saka forøvrig til orientering.